



**VOLDA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** Valstyret  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 21.03.2017  
**Tid:** 12:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no), som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, med kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdal  
Ordførar



**VOLDA KOMMUNE**

## SAKLISTE

**Saksnr.**

PS 1/17

**Sak**

**Politiske saker**

**Reduksjon i antal røystekrinsar i Volda kommune**

## **Politiske saker**

### **PS 1/17 Reduksjon i antal røystekrinsar i Volda kommune**



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2014/415
		Arkivkode:	033

---

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
1/17	Valstyret Kommunestyret	21.03.2017

### REDUKSJON I ANTAL RØYSTEKRINSAR I VOLDA KOMMUNE

#### Administrasjonen si tilråding:

1. Volda kommune reduserer talet på røystekrinsar frå 16 til 6, gjeldande frå og med Stortings- og sametingsvalet 2017 slik:
  - Austefjord krins
  - Folkestad krins
  - Dalsfjord krins
  - Øyra/sentrum krins
  - Mork krins
  - Vikebygda krins
2. Etter valet 2017 skal valstyret evaluere gjennomføringa av valet.

#### Vedleggsliste:

Høyringsuttale frå Lauvstad og Velsvik grendalag  
Høyringsuttale frå Høydal grendalag  
Høyringsuttale frå Hjartåbygda grendelag

#### Samandrag av saka:

Saka blei handsama av formannskapet 2. november 2016 og det blei vedteke at den skulle sendast ut på høyring til grendalaga i kommunen. Då høyringsfristen gjekk ut, hadde kommunen motteke tre høyringsuttale.

#### Saksopplysningar/fakta:

Då saka blei sendt ut på høyring, var administrasjonen si tilråding:

1. Volda kommune reduserer talet på røystekrinsar frå 16 til 6, gjeldande frå og med Stortings- og sametingsvalet 2017 slik:
  - Austefjord krins
  - Folkestad krins
  - Dalsfjord krins
  - Øyra/sentrum krins
  - Mork krins
  - Vikebygda krins
2. Etter valet 2017 skal valstyret evaluere gjennomføringa av valet.

Det er kommunestyret som avgjer kor mange røystekrinsar kommunen skal ha. Folkeregisteret skal ha orientering om endringar i inndeling av røystekrinsane innan 31. mars i valåret.

Volda kommune har 16 røystekrinsar. Krinsinndelinga har vore uendra i veldig mange år. 16 røystekrinsar på om lag 6400 manntalsførte er mange, samanlikna med dei fleste andre kommunar.

Namn på røystekrins	Antal med røysterett i 2013	Antal som røysta ved valet 2013	Antal som røysta ved valet 2015
Lid/Yksnøy	150	84	86
Mork	411	239	216
Øyra	3839	2137	2034
Vikebygda	624	341	280
Hjartåbygda	92	60	57
Fyrde	159	106	103
Kalvatn	56	38	38
Høydal	55	34	27
Fylsvik	109	71	66
Bjørkedal	116	61	70
Folkestad	233	146	130
Dalsbygd	85	49	47
Steinsvik	78	41	39
Dravlaus	180	112	100
Ulvestad	219	134	121
Velsvik	41	30	23
Uoppgitt	55	-	

Som ein ser av tabellen, har Volda kommune heile seks røystekrinsar med færre enn 100 røysteføre (Hjartåbygda, Kalvatn, Høydal, Dalsbygd, Steinsvik og Velsvik), og i tillegg tre andre krinsar der var det færre enn 100 som røysta på valdagen ved valet i 2013 og i 2015 (Lid/Yksnøy, Fylsvik og Bjørkedal).

Nokre av røystekrinsane har så få røysteføre at ein kan stille spørsmål om prinsippet om hemmeleg val eigentleg vert oppfylt. I ein røystekrins med færre enn 100-150 røysteføre kan det i utgangspunktet vere vanskeleg å halde hemmeleg val. Dessutan er det ein del av veljarane som vel å *ikkje* røyste i "sin" krins på valdagen: Dei røyster anten i ein av dei andre krinsane i kommunen eller dei har røysta på førehand: Mellom 25 - 36% av veljarane i kommunen førehandsrøysta ved dei to siste vala.

Vallova seier at dersom ein skal ha ei krinsvis oppteljing av røystesetlar, må krinsen ha minst 100 røysteføre. Dei mange og små krinsane gjer at det ikkje er mogleg å ha krinsvis oppteljing i Volda kommune.

Det er mange som er involvert i avviklinga av eit val. I tillegg til valsekretariatet i Volda kommune og andre frå administrasjonen som er involvert, var det 100 medlemmer i røystestyra i Volda kommunen ved kommune- og fylkestingsvalet 2015. I tillegg er over 50 personar som er varamedlemmer.

Valdagen har alle krinsane hatt opningstid frå kl. 12.00 – 18.00, med unntak av Øyra krins som har ope frå kl. 9.00 – 20.00. Ein reduksjon i antal røystekrinsar vil bety at det vert færre som må ta på seg slike oppgåver. Sjølv om talet på funksjonærar må aukast for dei krinsane som evt får fleire veljarar, vil ein samla få bruk for færre funksjonærar. Utgiftene til løn, tappt arbeidsforteneste og godtgjersle for medlemmane i røystestyra var på ca 125.000 kr i 2015, desse utgiftene vil bli redusert om ein reduserer antal røystekrinsar.

Ein reduksjon i antal røystekrinsar vil naturleg nok føre til fleire veljarar pr vallokale. Det er viktig at vallokala (dei største) har gode nok opningstider, at det er tilstrekkeleg med valavlukke og valfunksjonærar i lokala, slik at ein hindrar kødanning.

### **Universell utforming og ulike moglegheiter for å kunne røyste**

Det er viktig å legge til rette for at alle menneske med røysterett skal kunne ta del ved kommunestyre-, fylkestings-, stortings- og sametingsval. Veljarane er ei svært samansett gruppe, og dette må ein sjølv sagt ta høgde for når ein planlegg og gjennomfører vala. Dersom nokon blir utestengt frå å røyste, er det eit demokratisk problem som i yttarste konsekvens kan få innverknad på valresultata.

Valgloven § 9-3 pkt 2, andre til fjerde setning:

*Stemmegivingen skal foregå i egnet og tilgjengelig lokale. Velgerne skal kunne ta seg inn i valglokalene uten hjelp. Andre lokaler skal ikke benyttes med mindre særlige grunner foreligger.*

Krava om at vallokala skal vere tilrettelagte/tilgjengelege for alle veljarane er sentralt, og gjeld sjølv sagt både syns- og rørslehemma. Dette kravet blir lagt vekt på også frå departementet si side. Slik situasjonen er i dag, så stetter ikkje alle vallokala i kommunen krava til universell utforming på ein optimal måte. Dersom kommunen hadde færre valkrinsar, ville det bli lettare å gi god tilgjenge til alle veljarane, i og med at ein då kan nytte lokale som stetter krava for universell utforming skikkeleg.

### **Fleire ulike moglegheiter for å røyste:**

Dei som av ein eller annan grunn har vanskar med å få røyste på sjøve valdagen, har gode moglegheiter til å røyste på førehand:

- Ordinær førehandsrøysting: I Volda har det vore god oppslutnad rundt førehandsrøysting ved dei siste vala. I 2013 blei det avgitt totalt 1323 førehandsrøyster, medan 3683 valtingsrøyster. Med andre ord: meir enn 1/3 (nesten 36 %) av veljarane røysta på førehand. Ved valet i 2015 var oppslutninga dårlegare: 846 førehandsrøyster og 3437 valtingsrøyster, dvs at i underkant av 25 % av veljarane førehandsrøysta. Mange av innbyggjarane vel å *røyste når det passar best for dei*, og at dei nyttar seg av valmoglegheitene dei har. Ved valet i 2009 blei det for første gang gjennomført utvida opningstid ved servicekontoret i tilknytning til førehandsrøystinga, denne ordninga har vi også hatt ved vala i 2011, 2013 og 2015.

- Tidlegrøysting: Ved dei tre siste vala har det vore ei ordning med tidleg førehandsrøysting – frå juli månad og fram til den ordinære førehandsrøystinga startar ca 10. august.
- Førehandsrøysting på helse- og sosialinstitusjonar og skular (:vidaregåande og høgskule)
- Ambulerande røysting: Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan røyste der det blir halde førehandsrøysting, kan etter søknad til valstyret førehandsrøyste der dei bur.
- Avgje ”framand røyst”: Dette betyr at dei røysteberettiga i Volda kommune kan røyste i ein annan av valkrinsane i kommunen, og ikkje er ”avhengig” av å røyste i sin eiga røystekrins på valdagen. Det har også vore ei markant auke i slike ”framande” røyster ved dei siste vala. Ved valet i 2015 var det 126 som røysta ”framand”.

Volda kommune/valsekretariatet har gode rutinar for å orientere godt om dette via heimeside, facebook, annonser og oppslag. Informasjonen om moglegheitene for å røyste til andre tider enn på valdagen er med andre ord god, og veljarane nyttar seg i stadig større grad av desse moglegheitane.

For dei veljarane som ikkje nyttar seg av desse moglegheitene til å røyste, og som ikkje klarer å skaffe seg skyss til vallokalet på valdagen, så er det eit alternativ at kommunen forsøker å organisere transport til vallokalet i samarbeid med t.d. grendalag.

### **Elektronisk avkryssing på valdagen**

Det har nyleg blitt gjort endringar i valloven, der det blant anna er lagt til ein ny bestemmelse i § 9-5 a om elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen. Det er ein del usikkerheit rundt om Volda kommune vil vere ”klar” til å ta i bruk elektronisk avkryssing i manntalet: Langt frå alle vallokala vi har i våre 16 røystekrinsar har nettilgong – og endå færre har stabil nettilgong.

Ein føresetnad for å kunne ta i bruk elektronisk avkryssing er at elektronisk manntal blir innført i alle krinsane i kommunen samtidig. Dette betyr at dersom Volda skal ta i bruk elektronisk avkryssing, så må antal krinsar reduserast og vallokala som skal nyttast må ha stabil nettilgong og gode back-upløysingar på nettilgongen. Dette er sjølvstykkt å få på plass i vallokala som kommunen eig sjølve – t.d. skulebygg. Det er ei viss usikkerheit på om ein vil klare å få på plass stabil nettilgong på alle vallokala til valet 2017, men det bør i alle fall vere på plass til valet i 2019.

### **Ny kommune 1.1.2020**

Volda kommune og Hornindal kommune skal saman danne ein ny kommune frå 2020. Hornindal kommune har ein røystekrins, og hos dei ligg tilhøva til rette for bruk av elektronisk manntal og krinsvis oppteljing. Ideelt sett burde det også vore lagt til rette for krinsvis oppteljing og elektronisk manntal i Volda kommune så snart som råd.

### **Resultat av høyringa**

Saka blei handsama av formannskapet i november 2016, og det ble vedteke at spørsmålet om ein reduksjon i tal på røystekrinsar skulle sendast ut på høyring til grendalaga. Berre tre av grendalaga kom med høyringsuttale: Lauvstad og Velsvik, Høydal og Hjartå grendalag. Desse grendalaga var negative til ei endring i inndeling av røystekrinsar.

### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Ein reduksjon i talet på røystekrinsar vil gjere det lettare å stette krav til universell utforming på vallokala.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Kommunen vil truleg kunne spare ein del på utgiftene til valfunksjonærar, i og med at ein ikkje vil trenge så mange valfunksjonærar dersom antal vallokale blir redusert. For å sikre seg at det ikkje blir kødanning i dei største valkrinsane bør ein gå til innkjøp av nye (universelt utforma) valavlukke.

Solberg-regjeringa har gjennom Stortingsmelding Digital agenda for Norge (St 27 2015 – 16) ein klar strategi for å digitalisere offentlege tenester for å forenkle leggje til rette for auka verdiskaping og produktivitet. Kommunane må også vere budde på at det kan verte innført ei standardisert modernisering av gjennomføring av vala der kommunane må ha infrastruktur og digitale løysingar på plass i vallokala. Ev når dette skjer så kan det innebere større kostnader både i etablering og drift dersom ein skal halde fram med så mange vallokale/røystekrinsar.

#### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen

#### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen ser to alternative løysingar i saka:

1. Det vert ikkje gjort endringar i røystekrinsinndelinga.
2. Antal røystekrinsar vert redusert frå 16 til 6 stk

Det som talar mot ein reduksjon i antal røystekrinsar er ønsket om at innbyggjarane skal ha eit vallokale i nærmiljøet; eit vallokale som dei er vande med.

Dersom kommunestyret vel å redusere antal røystekrinsar, så vil ein oppnå fleire gevinstar: Gjennomføringa og oppteljinga av valresultatet vil bli meir effektiv fordi ein då kan ha krinsvis oppteljing og ein vil kunne få krinsvise valresultat. Når kommunen har færre vallokale å forhalde seg til, vil det bli enklare å sikre stabil nettilgong. Dette opnar for bruk av elektronisk manntal, som òg vil vere ei effektivisering. Færre vallokale vil gje behov for færre valfunksjonærarar, noko som vil føre til lågare utgifter til møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste og leige av lokale. Det vil også bli lettare å sikre seg at vallokala har universell utforming.

Ein må gå ut frå at grendelaga uttaler seg med bakgrunn i den praksisen og dei føresetnadene dei kjenner til, og ikkje på grunnlag av dei overordna omsyna som ein kommune må ta når ein skal sjå heilskap, framtidige behov knytt til teknologiske løysingar og statlege forventingar til effektivisering. Det er heilt naturleg at den som har noko ein oppfattar som eit gode vil uttale seg negativt til å misse det. I dette spørsmålet må kommunestyret gjere ei heilskapsvurdering og ta ansvar for både kva ressursar ein er villig til å bruke på å ha så mange valkrinsar, og kva ein samla sett meiner er ei god nok løysing. Rådmannen meiner ein burde sjå til korleis dette er i Hornindal ettersom vi skal slå saman kommunane i 2020. Rådmannen synest det kan vere naturleg å tilpasse valkrinsane til skular i drift. Dette er også lokale som det vil vere knytt framtidig infrastruktur til, og lokale som kommunen ikkje vil måtte betale leige for å nytte som vallokale.



Rune Sjurgard  
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen  
sektorsjef kultur og service

**Utskrift av endeleg vedtak:**  
Administrasjonen for vidare arbeid

Høydal 18.01.2017

Volda kommune  
Formannskapet

Volda


Sak: PS 200/16 – arkivsak 214/415 vedr. reduksjon av

Høydal grendalag meiner at røystekrinsen skal oppretthaldast inntil det vert mulig å stemme elektronisk.

Valglokala er tilpassa handikappa. Argumentet om at sikkerheita for at val ikkje er hemmelig på små stadar er ikkje relevant.

Med helsing

Høydal grendalag



v/A.Ryslett - sekr.

## **Reduksjon i antal røystekrinsar i Volda kommune - Uttale frå Hjartåbygda grendautval**

Hjartåbygda grendautval meiner det tener bygda, kommunen og demokratiet sine interesser å oppretthalde ordninga med fleire vallokaler i kommunen, slik som det er i dag.

Slik det er i dag ligg vallokala lett tilgjengeleg for alle etter arbeid. Det å framleis ha vallokalet i nærområdet vil vere beste måten å få innbygarane til å avgi stemme.

Det er også lett å hjelpe dei som treng det å kome til vallokalet. Det er viktig at det ligg til rette for eldre å kunne fortsette å avgi stemme.

Skuleungdom, som nyttar skuleskyss, vil elles måtte ta ei ekstra runde til sentrum. Dette er ikkje med på å auke valdeltakinga for denne aldersgruppa, dersom det er eit mål å få flest mogleg ungdom til å delta i vala.

Skal det vere kommunen sitt ansvar å legge til rette for enkel og kort veg til vallokalet er det meiningslaust å legge ned valkrinsen vår. Hjartåbygda ligg sentrumsnært og har stort potensiale for utvikling og fleire innbygarar.

Vert Hjartåbygda valkrins slått saman med Vikebygda, vert det ein unaturleg omveg til vallokalet. Vi må til sentrum, og så fram til ei av dei andre bygdene i kommunen. Dette vil utan tvil føre til ei mykje dårlegare valdeltaking frå Hjartåbygda.

Valdagen er ein viktig dag for demokratiet, også lokaldemokratiet. Det er viktig at vi legg til rette, slik at valdeltakinga vert best mogleg. Vi må vise at alle si stemme er viktig, så viktig at vi legg til rette for at alle på ein god og enkel måte kan avgi stemme i sitt lokalmiljø.

Vallokalet i Hjartåbygda ligg lett tilgjengeleg og har universell utforming. Vi ynskjer å behalde valkrinsen her. For dei folkvalde i Volda kommune bør det vere viktig å oppretthalde dei valkrinsane som sjølv ynskjer det.

Mvh  
Hjartåbygda grendautval,  
v/ leiar Tonje Berg Bakkebø

Lauvstad og Velsvik grendautval

Dalsfjordvegen 15

6133 Lauvstad

25.11.16

Volda kommune

### **Sak 200/16. Reduksjon i antal røystekrinsar**

Vi går inn for at innbyggjarane frå Velsvik og Lauvstad skal kunne stemme i vår bygd også i framtida. Som ein av dei største valkrinsane , med 260 røysteføre i 2013, er det viktig at ein tilrettelegg på beste måte for dei som bur her. Det er viktig å ta vare på lokaldemokratiet, og alle har rett til å stemme.

Vi trur at valdeltakinga i bygdene våre vil gå drastisk ned dersom de endrer på dette.

Med venleg

Lauvstad og Velsvik grendautval

v/ Solgunn Sæterås, leiar